

Lokal plan: *Størst av alt- og eg er med! Leikanger sokn*

Sokn

Leikanger

Kva har kyrkjelyden som hovudmål for trusopplæringa?

Visjon: Saman vil vi gjera Kristus kjend, trudd, elska og etterfølgd!

Fellesmål: Vi ynskjer at barn og unge, gjennom å dele tru og undring, skal lære å kjenne den treeinige Gud og vekse i trua på Han.

At barn og unge kjenner seg heime i kyrkjelyden, og erfarer eit raust og godt fellesskap der.

Vi ynskjer å bidra til at foreldre ser seg sjølv som viktige medarbeidarar i trusopplæringa, og å leggje til rette for eit godt samarbeid med dei.

Grunnlag og særpreg

Leikanger har ca. 2000 innbyggjarar og er administrasjonssentrum for Sogn og fjordane. (dvs. høg andel av akademikarar i befolkninga.) Barnekulla er gjerne i øvre lag av "nokre og tjue" i året.

Kommunen har konsentrert bebyggelse og naturlege, felles samlingsstader. Dette gjeld òg for kyrkja.

- Der er ei kyrkje, med kyrkjelydshus og eitt bedehus. Verksemda på bedehuset er no liten.

- Bygda har tradisjonar for godt arbeid knytta til fleire av dei kristne organisasjonane, -også barne- og ungdomsarbeid. No har desse organisasjonane berre arbeid for vaksne. Kristent barne- og ungdomsarbeid er difor NO, det som vert drive i kyrkjeleg regi. Og meir kan det bli; soknerådet i Leikanger ynskjer at det vert starta barnekor i kyrkja. Det vert spennande å sjå om det fins krefter i bygda som kan ta på seg eit slikt oppdrag.

Bygda har eit rikt organisasjonsliv. Innan idrett, musikk og speiding er det samarbeidsmogelegheiter for kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid.

Korleis kan ei systematisk trusopplæring for alle døypte bli utforma hos dykk?

Det vart nedsett eit trusopplæringsutval (TOL-utval) våren 2010 og trusopplærar var på plass i november, same år. TOL-utvalet har ein representant frå kvar av dei 5 sokna. Det er ingen prestar i utvalet, men dei har møterett og får referat frå møtene til utvalet.

ToL-utvalet har det siste året jobba med å "stake ut ein kurs" for korleis vi ville byggje opp arbeidet. Vi fann ut at vi ville ta utgangspunkt i det vi allereide har av "suksess-tiltak", som t.d. "utdelings-gudstenestene". Desse tiltaka har stor oppslutnad i sokna våre, og vi syntes det var naturleg å byggje desse ut med samlingar, i forkant-eller etterkant av utdelingane.

Med 5 ulike sokn, såg vi fort at desse samlingane måtte ha ulike "rammer" frå sokn til sokn, men vi vil at TOL-innhaldet skal vere det same. Vi er fortsatt i denne utprøvsfasen, og prøver å finne kva som høver best i kvart sokn.

Vi synes òg det er viktig å jobbe med dei aller minste. Det var allereide ein "kultur" for babysong i nokre av bygdene våre, og det har vorte ein viktig møteplass for mange foreldre. Etterspørselen etter "noko å gå på" etter babysong var tydeleg frå foreldra, difor starta vi eit arbeid for dei barna som er 1-3.

Sokna i Sogndal valde hausten 2011 å satse på ungdomsleiartrening, som eit tiltak etter konfirmasjon (jfr. tiltak i TOL-planen). Vi trur at ungdom vert ein viktig ressurs som TOL-medarbeidarar for barn og unge. I Ungdomsleiartreninga vår er målet; å trene og utruste ungdom til frivilligheit. Vi har teke utgangspunkt i eit "løp" med tre steg; 1. Vere medleiar på 4 og 11 års-tiltak. 2.-3: Vere medleiar på konfirmantnatt og "Størst av alt"-kveldar. Dette er eit tidkrevande grunnlagsarbeid, og må følgjast opp med regelmessige samlingar.

I desse dagar tenkjer vi å utfordre konfirmantar i Leikanger til å verte med i eit MILK -opplegg frå KFUM-KFUK.

(Dette grunnlagsarbeidet står beskrive under "tiltak", men er ikkje å rekne som eit breddetiltak og står difor utan timar og antal samver.)

Hovudfokuset til TOL-utvalet har det siste året vore å lage ein realistisk og god plan for dei fem sokna våre. Vi innser at vi har mange utfordringar som ligg føre og vi må "skunde oss sakte". Kvart nytt tiltak krev mykje tilretteleggjing, ikkje minst dersom det involverar mange frivillig medarbeidarar. Vi ser at vi dette året får to nye tiltak igong i eininga vår; "Livets skattekiste" og "Skulestart-gudsteneste" for 6 åringer. I juni vil utvalet drøfte den vidare vegen for 2013. Det er vanskeleg å sjå lenger enn dette, i skrivande stund.

Sentrale dimensjonar i ei systematisk trusopplæring

Når vi inviterer barn og unge til samlingar og gudstenester er det sentralt for oss at dei er aktive deltakarar. Dømer på dette er medliturgar i gudstenesta, lage og gjennomføre ei bønnevandring, lage gudstenester(gjennom gudstenesteverkstad), der barn og unge også pregar heile gjennomføringa. Vi erfarer at dette er oppgåver som både barn og unge meistrar godt, men det fordrar god planlegging og tilretteleggjing frå oss vaksne, gjennom konkrete oppgåver og god tid. Dette trur vi legg eit godt grunnlag for å kjenne seg heime og trygge i kyrkja.

Medverknad frå barn og unge

Vi må altså utfordre barn og unge på oppgåver som er tilpassa dei, men vi vaksne må òg tole at dei ynskjer å ha ei meining om korleis ting skal gjerast. Dette ser vi ikkje minst i ungdomsleiar-arbeidet, der vi ynskjer å trene og utruste ungdom (jfr. ungdomsleiarutrusting). Dette er eit spennande arbeid der ungdom er med i planlegging, tilretteleggjing og gjennomføring av ulike tiltak, som t.d. "Størst av alt"-kveldar for ungdom. Det er viktig at det er ungdomane sjølve som lagar desse kveldane. Vi tenkjer òg at vi, meir enn nokon gong, må sleppe ungdom til i sokneråda våre- slik at dei får vere med å prege prosessar og utviklinga av arbeidet i kyrkja. Dei har mykje kunnskap om kva ungdom tenkjer om kyrkja og kva dei ynskjer. Like eins bør dei vere med i gudsteneste-utval i sokna, men så langt er det berre eit sokn som har ungdomar i utvalet sitt i eininga vår.

[ungd.leiarar6.pdf](#)

Foreldre som ynskjer at barnet deira skal døypast, må få tydeleg informasjon om at dette er starten på eit "trusopplærings-løp" fram til barnet er 18 år. Vi må òg vere tydelege på at foreldre/fadrar og kyrkja har eit felles ansvar for trusopplæringa til barnet. Vi vil difor utarbeide ei brosjyre i kvart sokn med slik informasjon og om kva tiltak kyrkjelyden har til ei kvar tid.

Allereide i dåps-gudstenesta ynskjer vi å inkludere foreldre og fadrar i dette, då dei får høve til å vere medliturgar; anten som tekstlesarar, be bøner i gudstenesta, eller på andre måtar.

Vi ynskjer at foreldra så tidleg som mogeleg skal sjå seg sjølve som medarbeidarar i trusopplæringa. Vår oppgåve er å gjere foreldre trygge på at dei KAN, og at dei er svært viktige i dette arbeidet. Vi må vere tydelege på at den viktigaste trusopplæringa skjer i heimen! Vi synes babysong (0-1) og ulike småbarnssamlingar (1-3) er gode møteplassar der dette kan bli teke opp og formidla. Her brukar vi songar og bøner som foreldre kan bruke i trusopplæringa heime.

Samarbeid med heimen og familien

Vi må òg i gudstenesten våre - og i andre tiltak, informere foreldre og fadrar om gode nettsider der dei kan finne bøker /CDar og anna.

Vi ynskjer òg å inkludere foreldre og fadrar når vi inviterer til utdelingsgudstenester og samlingar, som leirleiarar når barnet er blitt større, eller som medarbeidarar i konfirmantarbeidet.

Vi vil i større grad enn no, leggje opp til at foreldre får komme til orde i evalueringar av tiltak. Dette er svært nyttig for oss.

Mange tiltak inkluderer gudsteneste, som er hovudsamlinga vår. Det vil gå fram av planen vår, at vi jobbar mykje med å skape tryggleik i samlingar før barn og unge kjem til gudstenesta og møter heile kyrkjelyden. Dei må få tid til undring og arbeid med tema, og verte fortrulege med dei oppgåvene vi ynskjer at dei skal ta del i. Dette betyr at dei må få tid til å øve godt på det dei skal gjere, slik at t.d. 4 åringer kan ta del i femteikns-bøn, eller konfirmanten kan vere med i eit dramastykke, og oppleve at det gir meining og meistring.

Gudsteneste

Oppgåvene må òg fordelast godt og tilpassast den enkelte. Vi har god erfaring med barn og unge som medliturgar under dei fleste ledda i gudstenesta, og som kyrkjevertar, før gudstenesta startar.

Vi ynskjer at barn og unge skal vere synlege i gudstenestene og erfare at dei har sin naturlege plass i kyrkjelyden. Vi vil arbeide med å finne sentrale, gjennkjennande element som går igjen i gudstenestene våre. Dette kan t.d. vere femteiknsbøn, lystenning og teikne bøner på papirrullen i midtgangen (jfr. Sprell levande). Då vert gudstenesta forutsigbar og trygg.

Det er flott at frivillige medarbeidarar brukar si fritid i trusopplæringa, og vi trur at dei opplever det meningsfullt. Vi legg vinn på å respektere tida deira. Møter med dei skal vere presise og strukturerte, og innanfor oppsett tid. Dei må få forespeila ei ramme rundt det dei vert spurde om; Kva tiltak det er, kor mange samlingar, og i kva tidsrom vi tenkjer at dei skal vere med i tiltaket- t.d. i 1 år, eller ein gong pr. år.

Oppfylgning av frivillige medarbeidarar

Vi ser at det kan vere lurt å jobbe mot ein fast "stab" på ulike tiltak, som Tårnagenthelg t.d. Då veit dei frivillige medarbeidarane at det er dette tiltaket vi ynskjer at dei er med i, innanfor eit visst tidsrom. I møte med frivillige ynskjer vi å førebu tiltaka og gudsteneste så godt, at dei veit kva dei går til. Nokre gonger kan det bety å få eit ferdig manus eller oppgåve opp i hendene. Andre gonger er det naturleg at frivillige er inni planleggingsprosessar saman med dei tilsette, før gjennomføringa av tiltaket. Vi vil

følgje dei opp og lytte til deira erfaringar, gjennom evaluering av tiltak. Vi må formidle kor viktige dei er for barn og unge i trusopplæringa. Vi må vere tydelege på at medarbeidarfellesskapet er samansett av lønna og ulønna medarbeidarar, som alle deler og mottek.

Vi har ein frivilligfest for alle frivillige i einiga, kvart år.

I Ungdomsleiar-treninga vår er målet å trene og utruste til frivilligheit. Dette arbeidet er vi igang med. Det er tidkrevande og må følgjast opp med regelmessige samlingar. Men vi har tru på at det er viktig å satse på ungdommar som medarbeidarar i trusopplæringa.

Vi er EIN stab i vår eining. Trusopplæring er noko vi gjer saman og der alle dei ulike faggruppene er viktige.

For tiltak som krev samarbeid kallar vi inn til planleggingsmøter. Dette skal skje i god tid før tiltaket skal skje.

Barne- og ungdomspresten kallar inn til møter som angår konfirmantopplæringa og eldre ungdommar.

Trusopplærar kallar inn til dei møta som angår tiltak for 0-13. I planlegginga prøver vi å avgrense ansvaret, slik at alle veit kva som er deira oppgåve. Slik unngår vi misforståingar. Det er viktige at vi ikkje berre går i "gamle" spor og gjer det same som ifjor, men stoppar opp og diskuterer om vi skal gjere ting på andre måtar. Vi vil leggje vinn på å evaluere tiltak i etterkant, og på den måten deler vi erfaringar- noko som bind oss tettare saman som kolleger.

Tverrfagleg samarbeid

I Stedje sokn har vi samarbeid med søndagsskulane, Sogndal indremisjonsforsamling (SIM) og Gospelklubben, i Kaupanger. Desse har

vore deltakarar i gudstenester som "Sprell Levande" og 4 årsbok-utdelingar. SIM og kyrkja driv saman "Barnegospelen" som har øving kvar måndag i lokalet til SIM.

Søndagsskulen i Leikanger, ligg diverre nede pr.idag.

I Fjærland og Norum har vi eit samarbeid med Barnemisjon og Miniklubben (Normisjon).

Samarbeid med b/u org

I tillegg til dette har trusopplæringa vår eit leirsamarbeid med Lyngmo ungdomssenter, eigd av NLM og Sogn og Fj. Indremisjon (jfr. vedlegg)

[Brosjyre Pangstart 20121.pdf](#)

For å nå ut med info om arbeidet vårt, nyttar vi kyrkja si heimeside, trusopplæringa si Facebook-side, brev og SMS. Vi vil i info og invitasjonar i stor grad bruke bilete frå tidlegare tiltak og frå sokna sine lokalmiljø. I all info vil vi vere målretta og alderstilpassa.

Vi brukar òg kyrkjelydsblada til å fortelje om tiltak vi har hatt i dei enkelte sokn, og informere om kva som kjem.

Innad i staben nyttar vi medarbeidaren.

Kommunikasjonsarbeid

Som før nevnt vil vi òg utarbeide ei trusopplærings-brosjyre for kvar sokn. Denne må informere om kva trusopplæring er, og det felles ansvar som foreldra og kyrkja har.

Vi ynskjer at barn, unge og foreldre skal kjenne seg heime i kyrkjelyden. Då må vi òg informere godt om kven kyrkjelyden er.

Treng dei meir info, må det kome fram kven dei skal kontakte.

Sjå tiltaksplanane. Der går det fram om ansvar og info-flyt (Jfr.kommentar-felta)

[Størst av alt plakat7.pdf](#)

I invitasjonane våre vil vi vere tydelege på at vi vil vite om barn og unge har særskilte utfordringar som vi bør vite om, og som krev tilrettelegging av noko slag. Vi skal ta initiativ til å følgje opp den informasjonen som vi får, og gjere dei nødvendige avtalar med foreldre. I andre tilfeller må foreldre sei noko om støttekontakt skal vere med barnet på tiltaket, eller om kyrkja skal finne bemanning til dette. Det same gjeld utstyr som barnet treng. Her vert det opp til foreldra å bestemme kva dei meiner for sitt barn.

Inkludering og tilrettelegging

Vi ynskjer at barn, unge og familiane deira skal kjenne seg trygge og heime i kyrkja og kyrkjelyden. Difor må dei alltid bli møtt med eit "velkommen!" i det dei kjem inn dørene i kyrkjene våre. Vi må ta dei med inn i fellesskapet, hjelpe dei til rette, sjå dei og lytte til dei. Vi må hjelpe barn og unge til å vise omsorg for kvarandre, sleppe andre inn som ein naturleg del av fellesskapet. Dette er ein utfordring sidan mange barn kjenner kvarandre frå før og kan dra med seg ulike erfaringar frå skule og fritid.

Diakoni

Vi vil leggje vekt på samtale, og på denne måten gi rom for å dele og formidle noko om kven ein er, med dei andre. Vi har valt bibelforteljingar som tek opp Guds kjærleik for den enkelte, om å ta ansvar for andre, om tru og tvil, om tilgjeving og forsoning (Jfr. Juniorkonfirmant- Kode B)

I konfirmasjonsopplæringa vert konfirmantane utfordra gjennom tema som; sosial rettferd og engasjement for andre. Konfirmantane har òg ei viktig rolle i gjennomføring av "Fasteaksjonen" kvart år (jfr. Konf.opplæring).

Song er viktig i tiltaka våre. (Sjå salmekanon som vedlegg). Vi gir rom for dans i fleire av tiltaka våre, der vi brukar ungdom som instruktørar for andre (Jfr. ungdomsleiartrening). Konfirmantane kan melde seg på musikkgruppe som bidreg i ulike gudstenester. Ungdomar får høve til å vere med i lovsangsband i " Størst av alt"-kveldane.

Andre kunstuttrykk: Vi leitar etter symbol i kyrkjene våre (jfr. Tårnagenthelg) og studerer kyrkjekunsten i kyrkjene våre (Jfr. Barnebursdag).

Musikk og kultur

Gjennom tiltaket "livets skatteboks" vil vi at barn skal verte kjend med m.a. bilete, maleri, plansjer, bilete i bøker, gamle songar og bønner.

Vi må gje barn og unge rom til å skape. I nokre tiltak vil vi difor leggje vekt på barns eigen kulturskaping gjennom å forme, teikne, male ulike uttrykk (Jfr. Sprell levande gudsteneste og Pangstart!)

Salmekanon-forslag1.doc

Misjon kjem inn som eit tema i Pangstart-leiren, som er eit fellestiltak for heile eininga. Her vil vi m.a. nytte boka "Misjon", utgitt av NMSU og Størst av alt.

Misjon

Konfirmantane får òg høve til å " Gå vidare" gjennom ungdomsleiartrening. Her vil vi trene dei til personleg vekst og utruste dei til å "gi det vidare".(Jfr. Ungdomsleiartrening)

Alder	Namn på tiltak	Omfang i samvær	Omfang i timar
0 - 0	Dåpssamtale og dåp	2	2
0 - 1	Babysong Leikanger	20	40
1 - 3	Knøttekoret, Leikanger	12	12
4 - 4	Undringstime Leikanger	1	1
4 - 4	Hausttakkefest- med utdeling av 4- årsbok Leikanger	1	1
5 - 5	Tenn lys! Adventsstund i kyrkja	2	3
6 - 6	Skulestart- gudsteneste	1	1
6 - 10	Barnebursdag i kyrkja	2	3
6 - 6	Barna sin påskefest! Leikanger	1	2
7 - 7	Kongefest	2	4
8 - 8	Tårnagenthelg	2	6
9 - 9	Påskemysteriet	1	3
10 - 10	Happy day!	1	2
11 - 11	Utdeling av Bibel i Leikanger	1	1
11 - 11	Lys vaken	2	6
11 - 13	Pangstart 2012! Leir på Lyngmo	1	16
12 - 12	Juniorkonfirmant -Kode B	4	8
13 - 13	Det er ditt val: Snart konfirmasjon	2	2
14 - 14	Konfirmasjons-opplæring	28	60
14 - 18	"Størst av alt"-kveld	8	16
15 - 18	Ungdomsledar-trening: Går du vidare? Steg 1. På god veg! Steg 2 og Steg 3		
15 - 15	Ungdomsleiar-leir før pangstart		

Tiltak i planen retta mot det einiskilde alderstrinnet																			
Alder	0	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18
Tiltak i planen retta mot det einiskilde alderstrinnet	2	2	1	1	2	1	3	2	2	2	2	3	2	2	2	3	2	2	2

Planlagt: Totalt kor mange tiltak: 22
Totalt kor mange timar: 189

Gjennomført 2011:
Totalt kor mange tiltak: 8
Totalt kor mange timar: 128

Gjennomført 2012:
Totalt kor mange tiltak: 5
Totalt kor mange timar: 16

Tiltak i ei systematisk og samanhengande trusopplæring for alderen 0-18 år



Dåpssamtale og dåp

Alder: 0 - 0 (2 Samvær, til saman 2 timar)

Mål	Gjennom dåpssamtale informere foreldra om kva dåpen inneber og om den praktiske gjennomføringa av dåpen. Informere om trusopplæringstiltaka i soknet og peike på at foreldre og kyrkja har eit felles ansvar for å følgje opp dåpen.	Livstolking og livsmeistring	Praktiske og konkrete framlegg til korleis dåpsopplæring kan skje i heimen dei første leveråra. Reflektere saman over dåp og lovnader. Undring, glede og takk over det skapte.
Tema/innhald	Tru og tradisjon i kyrkja		Dåpsbefalinga; Matt 28. 16-20 Jesus og barna; Mark 10, 13-16 Truvedkjenninga.
	Kristen tru i praksis		Bøn og velsigning. Syngje songar. Lystening for barna.Delta i liturgien og salmane.
Arbeidsmåtar	Dåpssamtale. "Orientering om dåpen" vert sendt ut til foreldre. Dei får "Dåpsboka" i dåpssamtalen. Brosjyren "Fadderhelsing" vert sendt til fadrane.Vi tenner dåpslys, som dåpsbarnet får etter dåpen.Deler ut "Bibel for born".		
Ansvarleg	Sokneprest i Leikanger		
Kommentar:	Sekretær på kyrkjekontoret sender ut infoskriv/brosjyrer om dåpen, til foreldre og fadrar. Soknepresten deler ut "Dåpsboka" i samtalen.Han deler òg ut ei ny brosjyre om trusopplæring frå soknet, når den er klar frå TOL-utvalet. Dåpsbarnet får "Bibel for born", som ei gåve frå fadrane.		



Babysong Leikanger

Alder: 0 - 1 (20 Samvær, til saman 40 timar)

Mål	At foreldre og barn skal kjenne seg heime i kyrkja. Formidle eit positivt Gudsbilete. Motivere til trusopplæring i heimen.	Livstolking og livsmeistring	At barnet skal oppleve undring og glede gjennom song, musikk og leik. Å leggje til rette for eit godt samspel mellom barn og foreldre.
Tema/innhald	Tru og tradisjon i kyrkja		Gud som skapar; 1. mos. Guds omsorg for barnet; Salme 139 m.m. Det doble kjærleiksbodet; Matt.22, 37-40 Jesus og barna; Mark 10, 13-16
	Kristen tru i praksis		Songar med tekstar som formidlar: Guds kjærleik, at menneske og verda er skapt av Gud, bønner til Gud.
Arbeidsmåtar	Song og regler. Rytmeinstrument. Leik. Måltidsfelleskap. Gudsteneste for store og små i kyrkja. Foreldre får med ark med songane som vi brukar. Dele ut eit bilete/plakat med song eller bøn, som dei kan henge opp heime.		

Ansvarleg Sandra Pearce

Kommentar: Det vert informert om babysong i dåpssamtalen til foreldre med barn 0-1 år. Det er ein bolc med 10 samlingar haust og 10 samlingar vår. I Leikanger er det 11 uløna medarbeidarar som "rullerer" :) Den ansvarlege for babysongen set opp datoar for samlingar og trusopplærar følgjer dette opp på nettsida til kyrkja.



Knøttekoret, Leikanger

Alder: 1 - 3 (12 Samvær, til saman 12 timar)

Mål Gje foreldre eit tilbod etter babysong og halde kontakten med dei. Motivere til trusopplæring i heimen og gje tryggleik til at den viktigaste trusopplæringa skjer heime!

Livstolking og livsmeistring At barnet skal oppleve undring og glede gjennom song, musikk og leik. Å leggje til rette for eit godt samspel mellom barn og foreldre.

Tema/innhald **Tru og tradisjon i kyrkja** Gud som skapar; 1. mos. Guds omsorg for barnet; Salme 139 m.m. Det doble kjærleiksbodet; Matt.22, 37-40 Jesus og barna; Mark 10, 13-16

Kristen tru i praksis Songar med tekstar som formidlar: Guds kjærleik, at menneske og verda er skapt av Gud, bønner til Gud.

Arbeidsmåtar Song og regler. Rytmeinstrument. Leik. Måltidsfelleskap. Foreldra får med ark heim, med songane som vi brukar.

Ansvarleg Sandra Pearce

Det vert lagt opp til 6 samlingar haust, og 6 samlingar vår.

Kommentar: Vi er litt i tvil om dette tiltaket kan reknast som breiddetiltak, men vi ynskjer at det skal verte det. Pr. idag har det vore litt tilfeldig info.flyt, men dette vert endra når vi får den nye TOL-brosjyra og vi får gitt info til alle som kjem på dåpssamtalen, og i tillegg informerer via epost/brev. Uansett viser beskrivinga ovanfor at dette er ei vidareføring av babysong, noko mål, innhald og arbeidsmåtar viser:)



Undringstime Leikanger

Alder: 4 - 4 (1 Samvær, til saman 1 timar)

Mål At 4 åringen vert kjend med dei som jobbar i kyrkja, og vert trygg i kyrkjerommet før dei skal få boka utdelt. Lære om dåp på ein konkret måte.

Livstolking og livsmeistring At han /ho får kjenne seg "størst i Guds rike": Sett, høyr og teken på alvor!


At forteljingane om Jesus gir glede, trøyst og oppmuntring. Bli nysgjerrig på å høyre meir. Oppleve venskap og fellesskap i samlinga.

Tema/innhald **Tru og tradisjon i kyrkja** Menneske som del av skaparverket. Kva som skjedde i dåpen. Lese ein av desse bibelforteljingane frå fireårsboka:


- Den eine sauen og dei nittini
- Sakkeus.

Kristen tru i praksis Vi tenner dåpslyset. Vi gir rom for undring om at vi er skapt av Gud. og vi syng "skapings- songar" frå boka. Vi ber femteikns-bøna saman og syng songar frå 4 årsboka. Vi fortel/viser med dokke kva som skjer i dåpen, og kva presten seier under dåpshandlinga. Vi tenner lys i lysgloben.

Arbeidsmåtar	Sende DVD'en "Velkommen", i forkant av samling og gudsteneste. I samlinga "vandrar" vi rundt i kyrkja: Tenner lys i lysgloben. Øver inn teikna i femteikns-bøna. Leikar dåp med dokke og vatn, ved døyefonten: Vi viser korssets teikn. Dei som vil, heller vatn tre gonger over hovudet. Ser på altar/altarbilete/altarring. Prøver å knele. Går tur på galleriet. Leser ei bibelforteljing frå 4-årsboka. Måltidsfellesskap på laurdags/ettermiddagssamlingane: Kaffi, Saft og bollar/ kjeks. Lagar "hav" med blått stoff til bruk i leik og song. Dersom det er tid øver vi på prosesjon og songar, til slutt.
Ansvarleg	Trusopplærar
Kommentar:	Trusopplærar sender ut invitasjon og info om tiltaket. Dersom det er andre som gjennomfører tiltaket, er det trusopplæraren som tek initiativ i forkant og syter for nødvendig informasjon til desse. I Leikanger møter barna laurdag event. ein ettermiddag til samling. Når barna skal på galleriet og opp trappa, må ein vaksen alltid gå fyrst heilt opp på galleriet, ein vaksen i midten og ein bakarst.


 Hausttakkefest- med utdeling av 4- årsbok Leikanger
Alder: 4 - 4 (1 Samvær, til saman 1 timar)

Mål	At 4 åringen får vere med og prege gudstenesta. Motivere foreldre og fadrar til å lese boka saman med 4 åringen, og motivere barna til å begynne på søndagsskule/ Barneklubbar.
Livstolking og livsmeistring	At han /ho får kjenne seg" størst i Guds rike". At forteljingane om Jesus gir glede, trøst og oppmuntring. Opplive venskap og fellesskap i gudstenesta.
Tema/innhald	Tru og tradisjon i kyrkja Ta utgangspunkt i ei forteljing, om skapinga, frå "Mi kyrkjebok 4"; Alt blir til; 1 Mos.1 Kristen tru i praksis Vi tenner lys og ber femteikns-bøna saman. Vi syng songar frå bøkene. Vi fortel frå bøkene.
Arbeidsmåtar	Forteljing. Utdeling av bok. Bruke det blå "havet" og syngje " havsongar". 4 åringane skal saman med presten: Vise femteiknsbøn, vere med å tenne lys i lysgloben, lyse velsignelsen og teikne korssets teikn. Trusopplærar skal: Informere foreldre, besteforeldre og fadrar om nettsidene til: Barn og tru, Iko- forlaget m. fl.
Ansvarleg	Sokneprest i Leikanger
Kommentar:	Utdeling av 4 årsbok vert knytt opp mot undringstime for 4 åringar. Trusopplærar sender ut invitasjon både til gudsteneste og undringstime. Ho syter for bestilling av bøker. Konfirmantar er med som medliturgar i gudstenesta. For tips og idear til kva ein kan fokusere på i høve foreldre og fadrar; Sjå www.barnogtru.no , www.iko.no

 Tenn lys! Adventsstund i kyrkja
Alder: 5 - 5 (2 Samvær, til saman 3 timar)

Mål	Å førebu høgtida som kjem, gjennom innhald og aktivitetar. Verte kjend med historia om Jesu fødsel.
Livstolking og livsmeistring	At han /ho får kjenne seg" størst i Guds rike". At forteljingane om Jesus gir glede, trøst og oppmuntring. Opplive venskap og fellesskap i gudstenesta.
Tema/innhald	Tru og tradisjon i kyrkja Jesus er lyset for verda; Joh, 8.12 Profeten Jesaja sine profetiar om Jesus; Jes. 7.14. Då Jesus vart fødd; Luk. 2, 1-20. Kristen tru i praksis Vi undrar og deler tankar om; Jesus som lyset for verda, Jesus som frelsaren ein venta på, og då Jesus vart fødd. Leik som "ristar" oss saman. Tenne dåpslyset og lys i lysgloben. Fortelje bibelforteljing.
Arbeidsmåtar	Øve på eit par songar vi kan bruke gudstenesta. "Lys-stasjonar" i kyrkja og kapellet: 1. Støype eit felles lys, 2. dyppe på lys, 3. lage bivoks-lys. 4. ein enkel bønnevandring i kyrkja, der lyset har ein sentral plass.
Ansvarleg	Trusopplærar

Kommentar: Trusopplærer sender ut invitasjon til barna, og info til dei som skal vere med i tiltaket. Tenn lys er i november, siste veka før advent. I ettermiddagssamling og 1 gudsteneste.

 Skulestart- gudsteneste

Alder: 6 - 6 (1 Samvær, til saman 1 timar)

Mål At barnet skal kjenne seg verdsett og teken på alvor.

Livstolking og livsmeistring

At han /ho får kjenne seg ” størst i Guds rike”. At forteljingane om Jesus gir glede, trøst og oppmuntring. Oppleve venskap og fellesskap i gudstenesta. Skape forventning til det å begynne på skulen.

Tema/innhald

Tru og tradisjon i kyrkja

Den gylne regelen; Matt. 7,2
Bartimeus, Mark.10, 46-52

Kristen tru i praksis

Vi feirar, ber og tenner lys for 6 åringane. Vi ber Gud velsigne 6 åringane, skulestarten og deira tid på skulen.

Arbeidsmåtar

Trusopplærer sender ut invitasjon til 6 åringane. 6 åringane vert inviterte til gudsteneste, med skulesekk. Forteljing. Forbønn. Vi tenner lys for, kvar 6 åring, i lysgloben. Velsigning med 6 åringane framme i koret. Event. kaker og saft rett etter gudstenesta.


Ansvarleg

Sokneprest i Leikanger og trusopplærer

Kommentar:

Siste søndag før/etter skulestart. Konfirmantar evt. ungdomsleiarane tek i mot 6 åringane og registrererer kven som kjem.

11 åringane vert inviterte til å bli med,då desse ofte er "fadrar" til 6 åringane på skulen.

 Barnebursdag i kyrkja

Alder: 6 - 10 (2 Samvær, til saman 3 timar)

Mål Kjenne historia til kyrkja si. At kyrkja er som ein heim.

Livstolking og livsmeistring

At dei ser livet sitt i samheng med barn som voks opp før.

Verte glade i kyrkja si og kjenne at dei høyrer til der.

Verte kjend med kyrkja si historie.Finne spor av Jesus i kyrkjekunsten i kyrkja.

Tema/innhald

Tru og tradisjon i kyrkja

"Gled dykk!", Fil.4, 4-8.

Kristen tru i praksis

Vi fortel og samtalar om kyrkja.

Vi lærer ein ny song med kristent innhald.

Arbeidsmåtar

Lage barnebursdag.
Ballongslepp.
Måltidfellesskap og godteposar.
Lage kor.
Danse.
Vise gjenstandar frå/om kyrkja.
Lage ei gåve til kyrkja. Lage utstilling

Ansvarleg

Trusopplærer og soknerådet

Kommentar:

Trusopplærer sender ut invitasjon og info om tiltaket. Ho tek initiativ overfor soknerådet og syter for nødvendig informasjon til dei. Det vert 1 laurdagssamling og gudsteneste, søndag.

Det vert barnebursdag kvart år kyrkjene fyller heile og halve tiår.

 Barna sin påskefest! Leikanger

Alder: 6 - 6 (1 Samvær, til saman 2 timar)

Mål Motivere foreldre og fadrar til å lese boka saman med 6 åringen, og motivere barna til å lese boka sjølve, når dei har lært å lese.

Livstolking og livsmeistring

At han /ho får kjenne seg ” størst i Guds rike”. At forteljingane om Jesus gir glede, trøst og oppmuntring. Oppleve venskap og fellesskap i gudstenesta.

	Tru og tradisjon i kyrkja	Ta utgangspunkt i "Tre i eit tre": Kven Jesus er. Påskeforteljinga: Kva skjedde med Jesus? Matt.kap. 26-28
Tema/innhald	Kristen tru i praksis	Fortelje om 6 årsboka, og formidle nokre av dei spørsmåla som ein 6 åring kan ha om Jesus og trua på Han. Gi eit bilete av Jesus, slik han vert framstilt i boka. Påskeforteljinga; Formidle det som skjedde med Jesus, på ein enkel og konkret måte.
		Dramatisering/rollespel om påskeforteljinga. 6 åringane: Vere delaktig i sang, liturgi,dåpspåminning saman med ein vaksen, lystenning og forbøn. Lyse velsigning til slutt.
Arbeidsmåtar		Forteljing, informasjon og utdeling av bok. 6 åringane saman med presten: Femteikns-bøn. Lystenning. Dåpspåminning. Lyse velsignelsen framme i koret.
Ansvarleg		Sokneprest i Leikanger
Kommentar:		Trusopplærar sender ut invitasjon. Vi inviterer til gudsteneste og til ei 6 årssamling- 45 min før gudstenesta. Trusopplæraren har ansvar for samlinga. I samlinga øver barna på det dei skal vere med på i gudstenesta, og får gå ein "runde" rundt i kyrkja med dei vaksne, slik at dei vert trygge. Trusopplærar syter for bestilling av bøker. I denne gudstenesta er òg konfirmantane svært delaktige i gjennomføringa. Dette er deira samtalegudsteneste.



Kongefest

Alder: 7 - 7 (2 Samvær, til saman 4 timar)

Mål	Lære historia om dei tre visemenn og deira ferd mot Jesus. Lære om heilage tre kongarsdag 6.januar.	
	Livstolking og livsmeistring	Undre seg over spørsmål om: Guds kjærleik til menneska. Håpet: Om å la seg leie av ei stjerne. Reflektere over det gode mot det vonde.
Tema/innhald	Tru og tradisjon i kyrkja	Dei tre vise menn; Matt. 2.
	Kristen tru i praksis	Lære om nokre tradisjonar knytta til tre kongarsdag i landet vårt og i andre land. Vi fortel og samtalar. Vi syng, ber og tenner lys.
Arbeidsmåtar	Bruke ei krybbe til å fortelje historia. Lage eit enkelt drama, som vert vist i gudstenesta. Øve inn songen "Eit barn er fødd i Betlehem", m.m. Tenne lys. Måltidsfelleskap. Stasjonar: Lage trearmalys. Lære om "Heilage trekongars dag" i den ortodokse kyrkja. Gå på "stjernejakt" rundt i kyrkja. Pynte og lage si eiga kongekrone, slik at de kan vere "småkongar" i gudstenesta, m.m.	
Ansvarleg	Trusopplærar	
Kommentar:	Trusopplærar sender ut invitasjon til barna, og info til dei som skal vere med i tiltaket. 1 samling ettermiddag og 1 gudsteneste.	
	Samlinga: Prøve å ha denne 6.januar	




Tårnagenthelg

Alder: 8 - 8 (2 Samvær, til saman 6 timar)


Mål	Utforske kyrkja og kjenne seg heime der. Lære om pinsa og kven den Heilage Ande er. Lære kyrkjelege symbol.	
	Livstolking og livsmeistring	Undre seg over spørsmål om å tru på noko ein ikkje ser. Oppleve glede og spenning i arbeid med Bibelens ord. Lære kyrkjelege symbol.

Tema/innhald	Tru og tradisjon i kyrkja	Leit så skal de finne; Matt.7.7 Pinsa og Den Heilage Ande; Apg 2. 1-15. 41. Symbol: -Korset -fisken -Dua -Gud fader (auge) -Guds lam -kornaks -tårnet i kyrkja.
Arbeidsmåtar	Kristen tru i praksis	Vi ber egne bøner. Vi syng, deler ut hjarte til kyrkjelyden. Dåpspåminning. Arbeidet baserer deg i stor grad på stasjonar og arbeid i grupper: Ta bilete av symbol vi finn i kyrkja. Symbol-puslespel frå " Sprell levande"-opplegget. Skrive bøner og klippe hjarte. Øve inn Tårnagentsongen. Tidsmaskin, der vi møter ein bibelsk person. Klatre opp i tårnet og lage " Tårnmusikk". Lage fruktsalat. Leik, aktivitetar, og forteljing. Gudstenesteverkstad. Måltidsfelleskap.
Ansvarleg	Trusopplærar/ prestar	
Kommentar:	Trusopplærar sender ut invitasjon til barna, og info til dei som skal vere med i tiltaket. Frå 2012: Samle 8 åringar frå alle 5 sokna i Stedje kyrkje, laurdag. Dersom vi ser at det vert fleire enn 50 stk, set vi opp ein ekstra dag; fredagen før. Info om dette vert gjeve til foreldre undervegs som påmeldingane kjem inn. Samle alle Tårnagentane, søndag, til gudsteneste i Stedje.	

 Påskemysteriet

Alder: 9 - 9 (1 Samvær, til saman 3 timar)

Mål	Verte kjend med påskeforteljinga og profetiane om det som skjedde med Jesus. Livstolking og livsmeistring	Undre seg over spørsmål om liv og død. Sjå samanhengar. Gi rom for å setje ord på vanskelege spørsmål knytta til Jesu liding, død og oppstode.
Tema/innhald	Tru og tradisjon i kyrkja	Jesu liding, død og oppstode; Matt.26-28. Profetiar om Jesus; Jesaja 52, 13/53,5. Påskesalmar.
Arbeidsmåtar	Kristen tru i praksis	Vi undrar saman over dette mysteriet. Vi lyttar til kvarandre. Vi syng eit par utvalde påskesalmar. Delta i påske- vandring.
Ansvarleg	Forteljing. Vi lagar ein enkel påskevandring i kyrkja. Bruke lego/Plastelina; Lage eit påska-tablå saman, av Jesu liding, død og oppstode. Måltidsfelleskap.	
Kommentar:	Trusopplærar	
Kommentar:	Trusopplærar sender ut invitasjon til barna, og info til dei som skal vere med i tiltaket. Dette tiltaket kan koblast mot "Barna sin påskefest".	

 Happy day!

Alder: 10 - 10 (1 Samvær, til saman 2 timar)

Mål	Lære barna om dåpen og kva Bibelen fortel om dåpen. Dåpsjubilantane i fokus. At 10 åringane opplever at dei er ein del av kyrkjelyden.	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	Kjenne tilhøyring til kyrkja og kyrkjelyden, som dei er ein del av.
Arbeidsmåtar	Tru og tradisjon i kyrkja	Dåps-og misjons-befalingen; Matt.28,16-20.
Ansvarleg	Kristen tru i praksis	Vere delaktig i det som skjer i gudstenesta. Vere med å feire gudsteneste.
Kommentar:	Fokusere på dåpen og tenne dåpslyset. Dåpspåminning. Forbøns-handling og tenne lys for kvar 10 åring. Gi ei fin helsing med dåpsbefalinga frå kyrkjelyden. Fotografering etter gudstenesta. Feire med brus og kake.	
Kommentar:	Trusopplærar og sokneprest i Leikanger. Trusopplærar sender ut invitasjon til barna, og info til dei som skal vere med i tiltaket. Gudsteneste med ballongar, brus og kake!	
Kommentar:	Event: Samling for 10 åringane der dei møter 45 min før gudstenesta. Konfirmantar tenner lys, i lysgloben, for 10 åringane.	



Utdeling av Bibel i Leikanger

Alder: 11 - 11 (1 Samvær, til saman 1 timar)

Mål	Få innblikk i Bibelen sitt mangfald, og Bibelen som skattekasse.
	Livstolking og livsmeistring Verte kjend med Bibelen sine forteljingar. Bli motivert til å bruke Bibelen.
	Tru og tradisjon i kyrkja Velje ein av desse tekstane: Den bortkomne sonen; Luk 15. 11-32 Den miskunnsame samaritanen; Luk. 10, 25-37 Såmannen; Luk. 8, 4-15(Dersom det er såmannssøndag) På vegen til Emmaus; Luk 24.13-43
Tema/innhald	Kristen tru i praksis Lytte til forkynning og syngje songar/salmar. Tenne lys i lysgloben og be for 11 åringane. Delta i liturgien. Be Herrens bøn.
Arbeidsmåtar	Presentere Bibelen. Formidle tekstar som er valde. Bøn, songar, velsigning og utdeling.
Ansvarleg	Denne utdelinga er del av Lys vaken: Deltakarane deltek, og pregar gudstenesta på mange, ulike måtar.
Kommentar:	Sokneprest har ansvar for at invitasjon vert sendt ut til 11 åringane, og at Biblar vert bestilt.



Lys vaken

Alder: 11 - 11 (2 Samvær, til saman 6 timar)

	Verte godt kjende med utvalde bibelforteljingar. Lære enkle bibelvers utanat. Lære Herrens bøn. Å være lys vaken overfor det som skjer i oss og rundt oss. Vere lys vaken overfor Gud, kvarandre og oss sjølv.
Mål	Livstolking og livsmeistring Erfare at Bibelen er ei spennande bok som er relevant for deira liv.
	Tru og tradisjon i kyrkja Emmaus-vandrarane; Luk. 24, 13 - 35. Samuel i tempelet; 1 Sam.3 Bibeltekstar om lys; Salme 119.105 Herrens bøn; Matt 6, 9-13
Tema/innhald	Kristen tru i praksis Sjå samanhengar og djupner i arbeidet med bibelforteljingane. Tenne lys, syngje og be egne bøner. Be Herrens bøn saman, som avslutning på kveldssamling. Vere delaktige i gudstenesta; liturgi, sang/musikk, drama m.m.
Arbeidsmåtar	Jobbe med bibeltekstane gjennom stasjons-arbeid: Møte med bibelsk person frå teksten, dramaøvingar med teksten. Tårnmusikk i tårnet. Finne ord i kyrkjeerommet, ved hjelp av refleks og lommelykt, og setje saman til bibelvers. Lage egne bøner. Øve på Herrens bøn og songar. Øve prosesjon. Gudstenesteverkstad i grupper, der vi førebur gudstenesta. Måltidsfellesskap. Øve inn ein dans.
Ansvarleg	Trusopplærer, organist og sokneprest i Leikanger.
Kommentar:	Trusopplærer sender ut invitasjon til barna, og info til dei som skal vere med i tiltaket. Invitasjonen må vere tydeleg på at vi ynskjer foreldre med på Lys vaken. Vi ynskjer òg å ha med konfirmantane dei fyrste timane (Stasjonar og mat). 2012 overnatta vi ikkje i kyrkja sidan kullet av 11 åringar var så stort, men vi får vurdere dette frå år til år.



Pangstart 2012! Leir på Lyngmo

Alder: 11 - 13 (1 Samvær, til saman 16 timar)

Mål	Vi har tema som rullerer i ein 3 års-bolk. 1 år: Luft: Lære om kven den Heilage Ande er og om Andens frukt. 2 år: Eld og vatn: Lære om kva misjon er. 3 år: jord: Skapt av Gud! Lære om skapingsforteljingane i Bibelen og reflektere over dei.
	Livstolking og livsmeistring Gi rom for å stille spørsmål om tema. Gi rom for undring, refleksjon, tvil og tru. Gjere egne vurderingar om kva dette vil sei, i den enkelte sitt liv.

Tema/innhald	Tru og tradisjon i kyrkja	1. Pinsedag. Apg. 2, 1-13. Livet i Anden, Gal. 5, 16-26. 2. Paulus, Apg. Dåps og misjonsbefalinga, Matt 28, 16-20. 3. Skapinga, 1.Mos 1-2.
	Kristen tru i praksis	Vi lyttar til forkynning og samtalar om det vi har høyrte. Vi syng, les i Bibelen, ber egne bøner og tenner lys. Ber Herrens bøn kvar kveld. Refleksjon om tema også gjennom kreative uttrykk.
Arbeidsmåtar	Verkstader: Male og forme ulike uttrykk (knytt til tema), musikk,natursti med Bibel m.m. Aktivitatar: Sykkel-tur,Kode B dansen(innimellom), ballspel, kano og bading, kreativt hjørne. Kvar morgon: Morgonsamling med bibel-refleksjon, som set igang det vi skal jobbe med i verkstaden den dagen. Kvar kveld: Kveldssamling med lystenning for kvarandre. Skrive egne bøner, be Herrens bøn saman, syngje, samtale. Andre samlingar: Film og bålkveld, leirkveld, Bad-hair.	
Ansvarleg	Trusopplærar i Sogndal-Leikanger og Luster, og barne -og ungdomsarbeidar på Lyngmo.	
Kommentar:	Pangstart er i dagane før skulestart. Invitasjonen må signalisere ” Først til mølla”-prinsippet. Dei som ikkje får plass første året får sjansen året etter. Felles-opplegg for Sogndal/Leikanger/Luster.Trusopplærarane har ansvar for tema og TOL-innhaldet på leiren, og lagar invitasjon som dei sender ut.Dei set opp dagsplanar saman med barne-og ungdomsarbeidar på Lyngmo, vurderer ulike aktivitatar og anna praktisk, saman med henne. Lyngmo tek imot påmeldingar på si heimeside.	



Juniorconfirmant -Kode B

Alder: 12 - 12 (4 Samvær, til saman 8 timar)

Mål	Skape leseglede, nysgjerrigheit og undring over Bibelen sitt mangfaldige innhald.
	Livstolking og livsmeistring
	Erfare vennskap og kjensla av å høyre til. Undre seg over spørsmål om vennskap og relasjonar, tru og tvil, tilgjeving og forsoning.
	Tru og tradisjon i kyrkja
	Kva er Bibelen? Skapinga: 1.Mos 1.1-31 Babels tårn: 1 Mos 11,1-9 Moses reddar Israel:2.mos.7-15 Forteljinga om Jesu liv: Bli kjend med Jesus: Matt.1. 18-2.23 m.m. Det handlar om vanlege menneske: Bli kjend med disiplane: Matt .4 18-22 og Mark 1,14-20 m.m.
Tema/innhald	Kristen tru i praksis
	Vi lyttar og samtalar. Liturgisk avslutning : Song,lystenning, Herrens bøn,Velsignelse.
Arbeidsmåtar	Sjå Temafilm i kvar samling. Song/dans. Forteljing. Ulike aktivitatar. Førebu gudsteneste. Måltidsfelleskap.
Ansvarleg	Trusopplærar
Kommentar:	Trusopplærar sender ut invitasjon til barna, og info til dei som skal vere med i tiltaket. Ein samling i veke 2, 3, 4, 5 Vi avsluttar opplegget med "såmanns-gudsteneste" i kyrkjene.



Det er ditt val: Snart konfirmasjon

Alder: 13 - 13 (2 Samvær, til saman 2 timar)

Mål	Å gi god informasjon om konfirmasjonsopplegget i soknet. Bli teken på alvor.
	Livstolking og livsmeistring
	Gje tryggleik til å gjere egne val. Om tru og tvil; at det er lov og vere underveis. Å ha ein heim i Guds kyrkje på jorda.
	Tru og tradisjon i kyrkja
	Verte kjend med at konfirmasjon er stadfesting av dåpen. At kyrkja tilbyr konfirmasjon-opplæring for dei som ynskjer å verte konfirmerte. Å høyre til; Joh.3,16, Joh.1,9-12
Tema/innhald	Kristen tru i praksis
	Vise info-film om konfirmasjon i soknet dei tilhøyrer. Fortelje og lytte. Gi rom for spørsmål og refleksjon om dåp og konfirmasjon. Vere tydeleg på at konfirmasjonstida er open for både døypte og udøypte ungdommar.
Arbeidsmåtar	Dele ut brosjyrar om konfirmasjonsopplegget. Vise Info-film. Leggje opp til spørsmålsrunde.Informere om dåp. Vere tydeleg på at foreldre og confirmantar kan ta kontakt med prestane for spørsmål,seinare.
Ansvarleg	Sokneprest i Leikanger.
Kommentar:	Prestane har ansvar for å ta kontakt med skulen dersom samlinga med confirmantane skal vere der. Dei har òg ansvar for invitasjon/info til foreldre, i høve foreldremøte.



Konfirmasjons-opplæring

Alder: 14 - 14 (28 Samvær, til saman 60 timar)

Overordna mål:

- At konfirmantane opplever ein heim i Guds kyrkje på jorda.
- At dei skal oppdaga at det finst ein skatt i kyrkja, og at dei sjølve er verdfulle perler.

Prosessmål:

- At alle konfirmantane opplever seg sett, respektert og teken på alvor.
- At alle konfirmantane får ei meir heilskapleg forståing og oppleving av kristen tru
- At alle konfirmantane får ei meir heilskapleg forståing og oppleving av kristne praksisar, med vekt på gudstenestefeiring, diakoni, bibelbruk og bøn.
- At udøypte 14-åringar vert hjelpte til å komme fram til ei avgjerd om dåp.
- At konfirmantane opplever seg som verdfulle medarbeidarar i kyrkjelyden
- At konfirmanttida oppglødar til vidare medarbeidarskap i kyrkjelyden.

Læringsmål:

Bibelstoff:

- Jesus som bilde av Gud (Joh.1,18)
- Om Gud som skaper alt (1.Mos.1,1)
- Om å vera skapt i Guds bilde (1.Mos.1,27 og Salme 8)
- Sakkeus (Luk.19)
- Om å vera fødd på nytt (Joh.3,1-8)
- Fader Vår (Matt 6, 6-13)
- Dei 10 boda (2. Mos 19,20; 20, 1-20)
- Den vesle Bibelen (Joh 3,16)
- Den bortkomne sonen (Luk.15,11-32)
- Den miskunnsame samaritanen (Luk.10,25-36)
- Dåpsbodet (Matt 28, 16-20)
- Jesus er veggen (Joh 14,6)
- Jesus er oppstoda (Matt.28/parr)

Mål

Anna:

-Truvedkjenninga

-Namnet på perlene i Kristuskransen

-Utvalde salmar

Livstolking og livsmeistring

Dåpen. ”Å vera døypt er for meg”, skrive.

Symbolikken i Kristuskransen.

Det eine menneske er unikt, vi er eit fellesskap.

Alle velkomne i kyrkja.

Gud er verten som ber oss inn.

Å vere del av eit gudstenestefeirande fellesskap.

Undring og respekt i møte med skaparverket, meg sjølv og medmenneska.

Sjølvbilde og menneskeverd.

Gudsbilde – Gud er alltid større.

Refleksjon over ulike sider ved Jesu person.

Å respektere sine egne og andres grenser. Etikk.

Når livet vert vanskeleg. Skrive.

Kristuskransen.

Dåpsbødet (Matt 28, 16-20). Døypefonten.

Alteret og nattverdselementa (Joh 3,16).

Korset som Jesu teikn.

Fader Vår (Matt 6, 6-13).

Skaparverket fortel om Gud, hans storheit og godheit
Mennesket skapt i Guds bilde (1. Mos 1, 27-28; 2,18-25, Salme 8).

Mennesket som forvaltar.

Jesus er sant menneske (2. trusartikkel og Luk 2, 1-6) .

Jesus gjer ikkje skilnad (Mark 10, 13-16).

Jesus er kjærleik (Joh. 3,16 og Luk.15).

Jesus er sterkare enn døden (Matt.28/ Joh 11,25).

Jesus er Guds son (Matt 16, 13-16).

Jesus er verdens lys (Joh. 8,12).

Jesus er frelsaren (2. trusartikkel og Joh 14,6).

Diakoni, sosial rettferd, engasjement for andre (Kain og Abel, 1.Mos 4, 8-9, Den miskunnsame samaritanen, Luk. 10, 25-37, Den gylne regelen Matt 7,12).

Dei ti boda (2. Mos 19,20; 20,1-20)

Tru og tradisjon i kyrkja

Tema/innhald

Kristen tru i praksis

Kyrkjelyden som fellesskap (3. trusartikkel og Apg 2,1-13).
Dåp.

Bønn med Kristuskransen. Også skriva bøner.

Bønn og lystenning.

Meditasjon og stille i kyrkja. Skriva refleksjonar.

Å be Fader vår/Vår Far

Nattverd.

Å førebu og feire gudsteneste som deltakar og medhjelpar.

Å motta frå Gud og møte hans godheit gjennom skaparverket.

Mennesket som forvaltar.

Å ha tillit til Jesus.

Å ta vare på kvarandre.

Sosial rettferd.

Konfirmantåret tek til ultimo august og sluttar i løpet av mai. Læremateriell er boka ”Skatten og perlene” samt Kristuskransen.

Vi har samlingar i kyrkjelydshuset med avslutning i kyrkja, på kyrkjelydshytta, på tur.

Kvar undervinsingskveld vert avslutta med stille meditasjonsstund i kyrkja. Her er det rom for stundom å skriva bøner til gud, stundom skriva tankar som vert levert inn. Avslutning med bøn rundt lysgloben der ein ber for kvarandre.

Det er lagt vekt på eigenaktivitet. Øving og førebuing av gudstenester.

Alle får sin eigen kristuskrans. Gjennom året lagar vi

1) Kvar konfirmant får ein stein der dei skriv namnet sitt på- Steinane ligg i ei skål på altaret gjennom heile konfirmantåret.

2) Maling med akrylfargar på lerret, ”Kva farge har Gud” Maleria utstilt i kyrkja til samtalegudstenesta/påske.

3) Dåpsplakat med bilde frå dåpen. Dåpsdag. Dåpskyrkje. Fadrar.

4) Bilde av kvar enkelt konfirmant. Vert brukt i kyrkjelydsblad og i powerpointpresentasjon saman med gode ting konfirmantane har sagt om kvarandre. Vist på foreldremøte.

Arbeidsmåtar

I tillegg til undervisningsopplegget og dei fire gudstenestene som høyrer inn i dette, deltek kvar konfirmant på fire andre gudstenester. Her har dei kvar si bok som ligg i kyrkja der dei har nokre oppgåver knytt til gudstenesta. I tillegg er dei medliturgar (to og to) på to gudstenester i løpet av året. Dette medfører at dei også er med og førebur desse to gudstenestene.

Alle konfirmantane og foreldra tek del på høgtidsgudstenesta i kyrkja påskedag.

I starten er det samtale med kvar einkskild konfirmant (20 min) ut frå spørsmål dei har fått på førehand.

Samver 21: Konfirmasjon

Samver 22: Individuell samtale i byrjinga av året.

Samver 23-26: Å feire gudstenester.

Samver 27-18: Alle konfirmantane er med som medliturgar på to gudstenester i løpet av konfirmantåret.

I tillegg kjem tilbod om samtalegruppe (3 samlingar a 2 timar), tilbod til konfirmantar frå heimar med skilte foreldre.



”Størst av alt”-kveld

Alder: 14 - 18 (8 Samvær, til saman 16 timar)

Mål	Å gje ungdomane, i eininga, ein stad der dei kan søke Gud, modnast og vekse i trua. Tiltaket er sett i gang for å styrke satsinga på gruppa 15-18 år, og for å søke å få fleire aktørar(kyrkje og organisasjonar) til å einast om eitt fellestiltak i månaden så ungdomane kan sjå at det finst andre kristne ungdomar og få nytt frimod.
Livstolking og livsmeistring	Oppleve å høyre til i eit fellesskap. Finne sin plass mellom dei truande. Vinne frimod.
Tru og tradisjon i kyrkja	Gjennom aktuelle tema for aldersgruppa knyter ein inn det Bibelen fortel om: Den bortkomne sonen; Luk 15,11-32 Jesus er vegen, sanninga og livet; Joh 14,6 Nåde og fred; Ef 2,1-10, Rom 5,1-11 Guds er kjærleik; 1.Joh. 4, 7-21
Tema/innhald	Kristen tru i praksis Feire nattverd, syngje lovsongar, be bønner, sosialt fellesskap. Sjå film/bilete. Delta i lovsongsband.
Arbeidsmåtar	Gudsteneste med enklare liturgisk uttrykk. Andakt. Øve inn songar med band; ungdomar sjølv som musikarar. Nattverd. Bønnevandring: Dele ut hjarte, lystenning bønnekrukke knele ved altarringen m.m. Vise bilete/film.
Ansvarleg	Barne- og ungdomsprest og ungdomane sjølve.
Kommentar:	Fellestiltak, i Stedje kyrkje. Ungdomsprest har ansvar for info om tiltaket. Vi køyrer ”Størst av alt”-kveld ein gong i månaden, koordinert frekvens med SIM sin lovssangs-samling.



Ungdomsledar-trening: Går du vidare? Steg 1. På god veg! Steg 2 og Steg 3

Alder: 15 - 18 (Samvær, til saman timar)

Mål	Personleg vekst som kristen og leiar. Trene og utruste til frivilligheit, gjennom å delta som frivillige i trusopplærings-tiltak. Byggje relasjonar ungdomane i mellom og ungdomane som ein del av kyrkjelyden.
Livstolking og livsmeistring	Oppleve å høyre til i eit fellesskap. Finne sin plass mellom dei truande. Vinne frimod.
Tru og tradisjon i kyrkja	Gjennom deltaking i trusopplærings tiltak vil ein jobbe med tilhøyrande innhald.(jfr. 4 og 11 årings-tiltak, konf. og ”Størst av alt”-kveld for steg 2 og 3)
Tema/innhald	Kol.3, 12-17 Kristen tru i praksis Medvandring: Gjennom observasjon, deltaking og praktiske oppgåver I TOL-tiltak, få høve til å mognast i eiga trusvandring og som del av medarbeidar- fellesskap.
Arbeidsmåtar	Steg 1: Medleiar på 4 og 11 årstiltak. Dette steget tilbyr ein eigen leir i forkant av "pangstart"-leiren, som dei er leiarar på. Steg 2-3: Medleiar på konf. og ”Størst av alt”-kveld.
Ansvarleg	Sokneprest i Leikanger og trusopplærar
Kommentar:	Dette er rekna som "grunnlagsarbeid" og ikkje som breddetiltak. Difor får vi ikkje telje timar og samver her.



Ungdomsleiar-leir før pangstart

Alder: 15 - 15 (Samvær, til saman timar)

Mål	At ungdomsleiarane skal bli kjent med kvarandre før leirdeltakarane kjem. Verte trygg i rolla som ungdomsleiar.	
	Livstolking og livsmeistring	Å høyre til i eit fellesskap. Reflektere over temaet for leiren og kva det kan bety for seg.
	Tru og tradisjon i kyrkja	Arbeide med bibeltekstar som er valde(Sjå PANGSTART 11-13 år).
Tema/innhald	Kristen tru i praksis	Vi samtalar om tema og lyttar til kvarandre. Vi syng, les i Bibelen, ber eigne bønner og tenner lys. Vi ber Herrens bøn.
		Refleksjon om tema også gjennom kreative uttrykk. Vi jobbar med tankar rundt det å vere ungdomsleiar i møte med 11-13 åringar.
Arbeidsmåtar	Bli kjent-samling. Lære leirsong og leirdans. Temasamling. Verkstad 1 – måling. Verkstad 2 – båtar. Aktivitatar ute. Leiartrening. Kveldskos, film. Kveldssamling.	
Ansvarleg	Trusopplærarane i Sogndal og Luster	
Kommentar:	Trusopplærarane informerer og inviterer ungsomsleiarane til ein eigen leir-dagen før 11-13 åringane kjem. Dette er rekna som "grunnlagsarbeid" og ikkje som breddetiltak. Difor får vi ikkje telje timar og samver her.	

Andre tilbud til barn og unge i regi av kyrkjelyden og/eller barne- og ungdomsorganisasjonar

[Utskriftsvennlig versjon \(pdf\)](#)